



Høyringsnotat

30. juni 2010

Tilpassing av supplerande stønad til pensjonsreforma

**(utkast til endringar i lov om supplerande stønad til
personar med kort butid i Noreg)**

1. Hovudinnhaldet i og bakgrunnen for høyringsforslaget

Arbeidsdepartementet legg i dette høyringsnotatet fram utkast til endringar i lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg (lov om supplerande stønad). Bakgrunnen er at supplerande stønad må tilpassast at reglane for alderspensjon frå folketrygda blir endra gjennom pensjonsreforma.

Minstepensjonane i folketrygda blir fastsette på grunnlag av trygdetid, som i hovudsak svarar til butid i Noreg. For å få full minstepensjon må ein ha minst 40 års trygdetid. Ordninga med supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg vart innført frå 1. januar 2006 for å sikre personar over 67 år med liten eller ingen pensjon frå folketrygda ei samla inntekt svarande til full minstepensjon, jf. Ot.prp. nr. 14 (2004–2005). Fordi supplerande stønad skal garantere ei minsteinntekt, blir stønaden sett ned (inntektsprøvd) med andre inntekter, mellom anna med alderspensjon frå folketrygda. Større formue kan føre til at det ikkje blir gjeve stønad. Det er eit vilkår for rett til supplerande stønad at stønadstakaren er busett i Noreg. Supplerande stønad er ikkje aktuelt for flyktningar, fordi desse er sikra full minstepensjon frå folketrygda uavhengig av den trygdetida dei har, jf. folketrygdlova § 3-2 sjette leddet og § 3-3 sjuande leddet.

I punkt 2 i høyringsnotatet blir det gjort greie for dei endringane i alderspensjonen frå folketrygda som fører til at reglane for supplerande stønad må tilpassast frå 2011. Ved lov 5. juni 2009 nr. 32 om endringar i folketrygdlova, jf. Ot.prp. nr. 37 (2008–2009), er det vedteke ei rekke nye reglar for alderspensjon. Dei nye reglane inneber mellom anna at ein får høve til å ta ut alderspensjonen fleksibelt og at pensjonen skal regulerast etter nye reglar. Vidare er det ved lov 11. desember 2009 nr. 112 om endringar i folketrygdlova mv., jf. Prop. 15 L (2009–2010) og Ot.prp. nr. 106 (2008–2009), mellom anna vedteke endra reglar for forsørgingstillegg til alderspensjon. Ei av endringane er at nivået på forsørgingstillegga blir knytt til minste pensjonsnivå i staden for grunnbeløpet.

Med bakgrunn i at formålet med supplerande stønad er å gi personar over 67 år ei garantert minsteinntekt, foreslår departementet i høyringsnotatet her at det blir stilt krav om at ein har teke ut heil alderspensjon for å få rett til supplerande stønad, sjå nærare omtale i punkt 3. Satsane for supplerande stønad skal svare til minstepensjon med eventuelle forsørgingstillegg. For å tilpasse supplerande stønad til ny regulering, foreslår departementet at stønadssatsane blir knytte direkte til minste pensjonsnivå i staden for grunnbeløpet. Dette blir grunngjeve nærare i punkt 4 i notatet. Eit utkast til lovendringar er teke inn sist i notatet.

Forslaga i høyringsnotatet her og fråsegnene frå høyringsinstansane vil danne grunnlaget for ein lovproposisjon om endringar i lov om supplerande stønad. Departementet planlegg å leggje fram lovproposisjonen hausten 2010, med sikte på at endringane kan tre i kraft samtidig med endringane i alderspensjonen frå folketrygda 1. januar 2011.

2. Nærare om dei endra reglane for alderspensjon frå folketrygda

2.1 Innleiing

Lov 5. juni 2009 nr. 32, jf. Ot.prp. nr. 37 (2008–2009), endrar ei rekke reglar for alderspensjon frå folketrygda. Endringane konkretiserer og lovfestar to breie pensjonsforlik i Stortinget i 2005 og 2007. Gjennom desse lovendringane er det innført nye oppteningsreglar frå 2010, og reglar om levealdersjustering, fleksibelt uttak frå 62 år og nye reglar for regulering av alderspensjon blir innførde frå 2011.

Lov 11. desember 2009 nr. 112, jf. Prop. 15 L (2009–2010) og Ot.prp. nr. 106 (2008–2009), endrar mellom anna reglane om forsørgingstillegg til alderspensjon frå folketrygda. Endringane tilpassar forsørgingstillegga til fleksibelt uttak og ny regulering av alderspensjon.

Under blir det gjort greie for dei endringane som rører ved regelverket for supplerande stønad. Sjå elles nærare i dei nemnde proposisjonane.

2.2 Endringane i alderspensjonen ved lov 5. juni 2009 nr. 32

Alderspensjonen er i dag sett saman av grunnpensjon, tilleggspensjon og/eller særtillegg. Grunnpensjonen blir fastsett på grunnlag av sivilstand mv. og kor lang trygdetid ein har. Trygdetid svarar i hovudsak til butid i Noreg, og full trygdetid er 40 år. Dersom ein har mindre trygdetid enn dette, blir grunnpensjonen tilsvarende lægre. Tilleggspensjon blir ytt til personar som har tent opp pensjonspoeng gjennom pensjonsgjevande inntekt mv. Personar som har liten eller ingen tilleggspensjon, får særtillegg. Særtillegget blir rekna ut på grunnlag av (sivilstand mv. og) trygdetid på same måten som grunnpensjonen, og avkorta krone for krone mot tilleggspensjonen.

Minstepensjonen svarar til summen av grunnpensjon og særtillegg, og vil såleis òg avhenge av trygdetid. For å få utbetalt alderspensjon i det heile, er det dessutan eit vilkår at ein har minst tre års trygdetid. Gjennom trygdeavtaler mv. kan ein oppfylle dette vilkåret ved å leggje saman norsk trygdetid med tid i avtaleland (såkalla samanlegging), og kravet kan da reduserast ned til eitt års norsk trygdetid.

Frå 2011 blir særtillegg og minstepensjon avløyste av pensjonstillegg og minste pensjonsnivå, som har same funksjon som desse. Satsane for minste pensjonsnivå skal fastsetjast som kronebeløp, det vil seie at dei ikkje lenger blir uttrykte ved hjelp av grunnbeløpet i folketrygda (G). Pensjonstillegget og minste pensjonsnivå vil avhenge av trygdetid på same måten som i dag.

Ny alderspensjon er sett saman av inntektpensjon og/eller garantipensjon. Inntektpensjonen blir i hovudsak tent opp gjennom pensjonsgjevande inntekt. Minstepensjonen blir i ny alderspensjon avløyst av garantipensjon. Garantipensjonen blir fastsett på grunnlag av sivilstand mv. og trygdetid og avkorta med 80 prosent av inntektpensjonen.

Dei gamle oppteningsreglane for alderspensjon (grunnpensjon, tilleggspensjon og pensjonstillegg) gjeld fullt ut for personar fødde til og med 1953, og blir fasa gradvis ut over årskulla 1954–1962. Fram til 2016 – når 1954-kullet fyller 62 år – vil det derfor berre bli betalt ut pensjon som er tent opp etter dei gamle oppteningsreglane. Frå og med 1963-kullet gjeld dei nye oppteningsreglane (inntekstspensjon og garantipensjon) fullt ut.

Fleksibelt uttak av alderspensjon blir innført frå 2011 for personar fødde i 1943 eller seinare. I dei første åra frå 2011 vil fleksibelt uttak gjelde pensjon tent opp etter gamle reglar. Pensjonsrettane ein har tent opp, blir justerte for endringar i levealder (levealdersjustering) og for uttaksalderen ved at dei blir dividerte med eit forholdstal. Den årlege pensjonen blir høgare desto seinare pensjonen blir teken ut, fordi dei opptente rettane da skal betalast ut over ein kortare periode som pensjonist. Pensjonen kan takast ut heilt eller delvis, med uttaksgrad 20, 40, 50, 60, 80 eller 100 prosent. Uttaksgraden kan endrast med tolv månaders mellomrom. Det er likevel mogleg å stanse uttaket eller å ta ut heil pensjon før det har gått tolv månader sidan uttaksgraden vart fastsett sist. Dersom ein tek ut delvis pensjon, vil den delen av alderspensjonen som ikkje blir teken ut, utgjere ein restpensjon.

Pensjonsalderen er i dag 67 år. Frå 2011 kan ein, på visse vilkår, ta ut alderspensjonen frå 62 år. Som nemnt, vil den årlege alderspensjonen bli mindre dersom han blir teken ut tidleg. For at alle skal vere sikra eit minste inntektsnivå i alderdommen, er det stilt krav om at alderspensjonen ved 67 år minst skal svare til minste pensjonsnivå dersom pensjonen blir teken ut før denne alderen. Som i dag vil retten til å få ein minste alderspensjon (uavhengig av tidlegare inntekt), gjelde frå 67 år.

Fleksibelt uttak av alderspensjon tent opp etter nye reglar blir gjennomført på tilsvarende måte, men ved hjelp av delingstal i staden for forholdstal.

Dei nye reglane for regulering, som blir innførde frå 2011, gjeld for alle alderspensjonistar, òg for dei som har teke ut pensjonen før 2011. Utbetalt alderspensjon skal regulerast med lønnsveksten og deretter trekkjast frå 0,75 prosent. Satsane for minste pensjonsnivå (gamle oppteningsreglar) og satsane for garantipensjon (nye oppteningsreglar) skal regulerast med lønnsveksten justert for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Pensjon under opptening skal framleis regulerast i takt med lønnsveksten.

2.3 Endra reglar for forsørgingstillegg ved lov 11. desember 2009 nr. 112

Alderspensjonistar som forsørgjer ektemake og/eller barn under 18 år, kan få forsørgingstillegg etter folketrygdlova §§ 3-24 og 3-25. Forsørgingstillegga blir inntektsprøvde etter reglane i folketrygdlova § 3-26. Likestilt med ektemakar er registrerte partnarar, og dessutan sambuarar som har felles barn eller tidlegare har vore gifte med kvarandre.

Fullt barnetillegg er 0,4 G pr. barn, og fullt ektemaketillegg svarar til 50 prosent av grunnpensjonen til forsørgjaren. Ein får ikkje barnetillegg dersom barnet har inntekt over 1 G. Tilsvarende blir det ikkje ytt ektemaketillegg dersom ektemaken har inntekt som er høgare enn grunnbeløpet eller mottek uførepensjon, foreløpig uførepensjon,

alderspensjon eller avtalefesta pensjon. I praksis vil fullt ektemaketillegg vere 0,5 G, fordi satsen for grunnpensjonen til forsørgjaren i slike tilfelle vil vere 1 G. Dersom forsørgjaren har mindre trygdetid enn 40 år, blir forsørgingstillegga tilsvarende lægre.

Forsørgingstillegga er inntektsprøvde mot mellom anna alderspensjon, arbeidsinntekt, pensjonsyttingar frå andre pensjonsordningar eller individuell pensjonssparing, livrente og gåvopensjon. Tillegga blir avkorta med 50 prosent av den delen av samla inntekt som er høgare enn eit fribeløp. Fribeløpet avheng av sivilstand, talet på forsørgde barn mv.

Frå 2011 kan det ytast forsørgingstillegg til alderspensjonen frå 67 år, som i dag. Fordi forsørgingstillegga er inntektsprøvde, blir det stilt krav om at ein har teke ut heil alderspensjon for å få forsørgingstillegg, det vil seie at forsørgjaren fullt ut har nytta høvet til å ta ut pensjon. Vidare blir det ikkje gjeve forsørgingstillegg for ein ektemake som sjølv har rett til heil alderspensjon, men som har valt å ikkje ta ut pensjonen eller har valt å stanse han for ein periode.

For at forsørgingstillegga framover skal utvikle seg i takt med det generelle minstenivået for alderspensjonistar, blir satsane for tillegga knytte til minste pensjonsnivå i staden for grunnbeløpet. Minste pensjonsnivå med høg sats vil vere 2 G frå 1. januar 2011 (svarar til minstepensjon sett saman av 1 G i grunnpensjon og 1 G i særtillegg), og skal frå 1. mai 2011 regulerast etter nye reglar. Fullt barnetillegg blir fastsett til 20 prosent av minste pensjonsnivå høg sats, og fullt ektemaketillegg til 25 prosent av minste pensjonsnivå høg sats. Pr. 1. januar 2011 vil dette dermed svare til satsane på 0,4 G og 0,5 G. Fribeløpa blir knytte til minste pensjonsnivå på same måten.

3. Tilpassing av supplerande stønad til fleksibel alderspensjon

Når det frå 1. januar 2011 blir høve til å ta ut alderspensjonen frå folketrygda fleksibelt, er det eit spørsmål om personar som har valt å vente med å ta ut pensjonen eller tek ut delvis pensjon, skal kunne få supplerande stønad.

Satsane for supplerande stønad svarar til full, ugradert minstepensjon og skal sikre ei inntekt på dette nivået frå 67 år. Utan endringar i regelverket vil personar over 67 år som ventar med å ta ut alderspensjon kunne få inntekta «fylt opp» til full minstepensjon gjennom supplerande stønad. Dette vil òg gjelde dersom dei tek ut delvis alderspensjon. Samtidig vil dei i visse tilfelle kunne dra nytte av at den årlege pensjonen blir høgare når (resten av) pensjonen seinare blir teken ut, fordi han blir justert for uttaksalder.

Slike verknader vil ikkje samsvare med formålet med supplerande stønad. Supplerande stønad er inntektsprøvd og skal vere målretta mot dei som treng å få ei tilleggsinntekt for å nå opp til eit visst minste inntektsnivå. Departementet meiner derfor det vil vere rimeleg å stille krav om at ein har teke ut heil alderspensjon for å få supplerande stønad. Det vil seie at ein først fullt ut må bruke det høvet ein har til å ta ut alderspensjon, før ein kan få inntekta supplert ut over dette.

Departementet viser til at tilsvarende vurdering òg vart lagt til grunn for retten til forsørgingstillegg til alderspensjon etter forslaget i Ot.prp. nr. 106 (2008–2009), jf. Stortinget sitt vedtak til lov 11. desember 2009 nr. 112 om endringar i folketrygdlova.

Det blir frå 2011 stilt krav om at ein har teke ut heil pensjon for å kunne få forsørgings-tillegg til alderspensjon frå folketrygda.

Dersom ein har budd i Noreg i særskilt kort tid før 67 år (den tida ein kan få trygdetid for utan å ha pensjonsgjevande inntekt), vil ein ikkje ha rett til nokon alderspensjon frå folketrygda i det heile, sjå omtalen i punkt 2.2. Det bør derfor presiserast at kravet om å ta ut heil alderspensjon for å få rett til supplerande stønad, gjeld dei som har rett til alderspensjon etter folketrygdlova.

Reglane om inntektsprøving av supplerande stønad er fastsette i lova § 6. Full supplerande stønad skal setjast ned med inntekter stønadstakaren sjølv har, så vel som dei inntektene ektemaken har. For personar som har ektemake over 67 år med rett til alderspensjon, legg derfor departementet til grunn at ein òg bør stille krav om at ektemaken har nytta høvet til å ta ut heil alderspensjon for å kunne få rett til supplerande stønad. I motsett fall vil stønaden kunne bli høgare som følgje av at ektemaken ventar med å ta ut pensjonen sin eller tek ut delvis pensjon. Dersom supplerande stønad er under utbetaling, og ektemaken fyller 67 år utan å nytte retten til alderspensjon fullt ut, bør retten til supplerande stønad falle bort frå og med månaden etter den månaden ektemaken fylte 67 år (sjå § 11 tredje leddet).

Tilsvarande situasjonar kan oppstå i høve til ytingar frå andre norske ordningar, og er òg tenkjeleg i høve til utanlandske ordningar. Departementet foreslår derfor at ein skal kunne avslå eller stanse supplerande stønad i slike tilfelle.

Departementet viser til utkastet til § 3 nytt tredje ledd.

4. Tilpassing av supplerande stønad til ny regulering av minste pensjonsnivå og endra reglar for forsørgingstillegg

Det inntektsnivået som supplerande stønad skal sikre, er fastsett i lova § 5. Supplerande stønad kan gjevast til personar over 67 år og er fastsett med ulike satsar. Satsane svarar til dei ulike minstepensjonane i alderspensjonen frå folketrygda. Dette gjeld med unntak av at regelen om at ein pensjonist som forsørgjer ektemake over 60 år, får særtillegg med to gonger ordinær sats (dobbelt særtillegg), ikkje er ein del av ordninga. Det er dermed ulike satsar for supplerande stønad ut frå sivilstand. Satsane avheng òg av alderen til ein eventuell ektemake. Som ektemakar reknar ein òg sambuarar mv., sjå § 2 andre leddet i lova.

Frå 1. mai 2010 svarar full supplerande stønad til 2 G for einslege, 1,85 G for gifte og 2,5 G for ein person som forsørgjer ektemake under 67 år, sjå lova § 5 første leddet. Den sistnemnde satsen svarar til minstepensjon på 2 G med forsørgingstillegg for ektemake etter folketrygdlova § 3-24. Personar som forsørgjer barn under 18 år kan dessutan etter lova § 5 andre leddet få stønaden auka med 0,4 G pr. barn, som svarar til forsørgingstillegg for barn etter folketrygdlova § 3-25.

Minstepensjonen i alderspensjonen frå folketrygda vil frå 2011 bli avløyst av satsar for minste pensjonsnivå. Satsane vil bli uttrykte som kronebeløp (lausrivne frå G) og skal frå 1. mai 2011 regulerast på ny måte. Sjø nærare i punkt 2.2. Fordi satsane for supplerande stønad skal svare til desse, vil det ikkje lenger vere formålstenleg at dei er

uttrykte i G. Departementet meiner at satsane for supplerande stønad i staden bør knytast direkte til minste pensjonsnivå for alderspensjon.

Minste pensjonsnivå høg sats vil svare til det som i dag er minstepensjon for einslege (2 G pr. 1. januar 2011). Satsen for supplerande stønad til einslege bør derfor svare til minste pensjonsnivå med høg sats. Minste pensjonsnivå ordinær sats vil svare til minstepensjon for gifte (1,85 G pr. 1. januar 2011), og satsen for supplerande stønad til kvar av ektemakane når begge er over 67 år bør derfor setjast lik denne.

Som nemnt over, svarar satsen på 2,5 G for ein person som forsørgjer ektemake under 67 år til minstepensjon på 2 G med ektemaketillegg. Ektemaketillegg til alderspensjon skal frå 1. januar 2011 svare til 25 prosent av minste pensjonsnivå høg sats, sjå nærare punkt 2.3. Satsen for supplerande stønad til personar som forsørgjer ektemake under 67 år bør derfor svare til minste pensjonsnivå høg sats med tillegg for 25 prosent, det vil seie til saman 125 prosent av minste pensjonsnivå høg sats.

Tilsvarende skal barnetillegget til alderspensjon, som no er 0,4 G pr. barn, frå 1. januar 2011 svare til 20 prosent av minste pensjonsnivå høg sats pr. barn. Tillegget til supplerande stønad for barn under 18 år svarar til dette, og departementet foreslår derfor at dette tillegget blir lagt om på same måten.

Departementet viser til utkastet til endringar i § 5 første og andre leddet.

Første gongen det blir betalt ut alderspensjon tent opp etter dei nye reglane i folketrygdlova kapittel 20, vil vere i 2016, når 1954-kullet fyller 62 år. Frå dette tidspunktet vil satsane for garantipensjon i folketrygdlova § 20-9 òg ha praktisk verknad. Dette vil likevel ikkje *krevje* ytterlegare endringar i supplerande stønad før på lengre sikt enn dette, fordi høg sats for garantipensjon og minste pensjonsnivå vil vere like, og ordinær sats for garantipensjon vil vere lik ordinær sats for minste pensjonsnivå. Satsane for minste pensjonsnivå må oppretthaldast så lenge som det blir betalt ut pensjon heilt eller delvis fastsett etter folketrygdlova kapittel 19.

Supplerande stønad blir gjeven for ein periode på tolv månader om gongen, sjå § 11 første leddet. Dersom grunnbeløpet i folketrygda blir endra i denne perioden, skal stønaden regulerast tilsvarende. Det same gjeld dei frådraga som er gjorde i stønaden for ytingar som er direkte knytte til grunnbeløpet, det vil mellom anna kunne seie eigen alderspensjon eller ektemaken sin alderspensjon, uførepensjon eller avtalefesta pensjon. Desse reglane er fastsette i § 10 andre leddet.

Over er det foreslått at satsane for supplerande stønad skal knytast til minste pensjonsnivå i staden for grunnbeløpet. Reguleringa av supplerande stønad gjennom året bør derfor knytast til reguleringa av minste pensjonsnivå. Når det gjeld frådraga i stønaden, kan dei ytingane det er gjorde frådrag for bli regulerte på ulik måte frå 2011. Til dømes vil uførepensjon frå folketrygda framleis bli regulert gjennom endringar i grunnbeløpet. Utbetalt alderspensjon skal regulerast med lønnsveksten og deretter trekkjast frå 0,75 prosent, jf. folketrygdlova § 19-14 andre leddet. Avtalefesta pensjon vil bli regulert etter reglar som svarar til reglane for regulering av alderspensjon. Departementet vurderer det slik at frådraga for kvar av ytingane bør regulerast i samsvar med reglane for regulering av den same ytinga.

Departementet viser til utkastet til endringar i § 10 andre leddet.

Lov om supplerande stønad § 2 definerer enkelte omgrep som blir nytta i lova. I første leddet er det i dag fastsett at ein med grunnbeløpet meiner grunnbeløpet etter folketrygdlova § 1-4. Når satsane for stønaden blir knytte til minste pensjonsnivå, er det naturleg at minste pensjonsnivå òg blir definert i paragrafen. Samtidig vil ein framleis trenge definisjonen av grunnbeløpet, fordi retten til tillegg for eit barn under 18 år fell bort dersom barnet har inntekt som er høgare enn grunnbeløpet, sjå § 5 tredje leddet. Etter utkastet til endringar i § 10 andre leddet, vil grunnbeløpet framleis bli nemnt der òg. Definisjonen av minste pensjonsnivå bør derfor nedfellast i eit nytt andre ledd i § 2. Det er minste pensjonsnivå utan avkorting for redusert trygdetid som skal nyttast.

Departementet viser til utkastet til § 2 nytt andre ledd.

5. Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Fleksibelt uttak og ny regulering av alderspensjon frå folketrygda gjeld frå 2011, jf. dei endringane i folketrygdlova kapittel 19 som trer i kraft 1. januar 2011 gjennom lov 5. juni 2009 nr. 32. Endringane i reglane for forsørgingstillegg trer i kraft på same tidspunktet, jf. lov 11. desember 2009 nr. 112.

Formålet med endringane i lov om supplerande stønad er å tilpasse regelverket til desse endringane i folketrygda, og departementet foreslår såleis at lova om endringar i lov om supplerande stønad òg trer i kraft 1. januar 2011.

Departementet viser til utkastet til endringslova del II første leddet.

Etter lovutkastet blir satsane for supplerande stønad knytte til minste pensjonsnivå for alderspensjon frå folketrygda. Første gongen minste pensjonsnivå vil bli regulert etter dei nye reglane er 1. mai 2011. Utkastet til endringar i § 5 inneber at satsane for supplerande stønad frå 1. januar 2011 (knytte til minste pensjonsnivå) vil svare til satsane som gjeld pr. 31. desember 2010 (knytte til G). For dei som allereie før 1. januar 2011 mottek supplerande stønad, er det derfor ikkje nødvendig å rekne om stønaden i januar 2011. Av administrative omsyn foreslår departementet at endringane i § 5 får verknad frå 1. mai 2011 for dei som mottek supplerande stønad pr. 31. desember 2010, slik at stønaden først blir rekna om i samband med den årlege reguleringa.

Dersom det skjer endringar i inntektene eller dei andre tilhøva som var lagde til grunn da stønaden vart fastsett, og dette fører med seg at stønaden ville vorte endra med minst 10 prosent, skal stønaden setjast opp eller ned, sjå lov om supplerande stønad § 10 første leddet. I slike tilfelle må altså stønaden uansett fastsetjast på nytt, og departementet foreslår at endringane i § 5 da likevel blir gjorde gjeldande frå omrekningstidspunktet for personar som mottek supplerande stønad pr. 31. desember 2010. Det same gjeld dersom stønadsperioden går ut, og perioden blir forlengd etter § 11 første leddet andre punktumet.

Departementet viser til utkastet til endringslova del II andre leddet.

Forslaget om at stønadssatsane blir knytte til minste pensjonsnivå gjer at kjøpekrafta framleis vil auke frå år til år, men den årlege veksten i full supplerande stønad vil bli

noko lægre samanlikna med om satsane blir førde vidare som ein prosent av grunnbeløpet.

Departementet vil i lovproposisjonen komme tilbake til framskrivingar av det statlege tilskottet til supplerande stønad. Sjølv om stønadssatsane etter forslaget her blir regulerte opp noko mindre frå og med 1. mai 2011, vil det trekkje i motsett lei at alderspensjonen frå folketrygda vil bli regulert etter nye reglar frå same tidspunktet. Frådraget i full supplerande stønad for alderspensjon frå folketrygda, blir altså mindre enn det ville vorte utan ny regulering av alderspensjonen.

Supplerande stønad blir administrert av Arbeids- og velferdsetaten. Det nye vilkåret frå 1. januar 2011 om at stønadsmottakaren og ein eventuell ektemake må ha teke ut heil alderspensjon frå folketrygda for at ein skal få rett til stønad, vil ha visse administrative konsekvensar. Konsekvensane vil likevel vere relativt små, fordi Arbeids- og velferdsetaten sjølv administrerer alderspensjon frå folketrygda. Etaten vil derfor ha direkte tilgang til opplysingar om dette.

Endringane som følgjer av ny regulering, mellom dette regulering av frådrag i stønaden, vil kunne krevje ein del tilpassingar i dei administrative systema. Desse endringane vil i det vesentlege få praktisk verknad frå 1. mai 2011.

Utkast

til lov om endringar i lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg (tilpassing til pensjonsreforma)

I

I lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg skal desse endringane gjerast:

§ 2 nytt andre ledd skal lyde:

Med minste pensjonsnivå meiner ein i lova her minste pensjonsnivå etter folketrygdlova § 19-8 tredje til femte leddet for ein person med ugradert pensjon utan avkortning for trygdetid.

Noverande andre leddet blir nytt tredje ledd.

§ 3 nytt tredje ledd skal lyde:

Det er eit vilkår for rett til supplerande stønad at stønadstakaren og ein eventuell ektemake over 67 år fullt ut nyttar retten sin til pensjon frå folketrygda eller andre norske eller utanlandske ordningar.

§ 5 første leddet skal lyde:

Full supplerande stønad skal *svare til*

- a) *minste pensjonsnivå med høg sats* for einslege stønadstakarar
- b) *125 prosent av minste pensjonsnivå med høg sats* for personar med ektemake under 67 år
- c) *minste pensjonsnivå med ordinær sats* for kvar av ektemakane når begge har fylt 67 år

§ 5 andre leddet første punktumet skal lyde:

Ytingane etter første leddet bokstavane a til c skal aukast med *20 prosent av minste pensjonsnivå med høg sats* per barn under 18 år som personen forsørgjer og bur saman med i eitt hushald.

§ 10 andre leddet skal lyde:

Ved endring i *minste pensjonsnivå* skal supplerande stønad regulerast i tråd med endringa. *Frådrag* i stønaden etter § 6 på grunn av ytingar som er direkte *knytte* til

grunnbeløpet eller blir regulerte etter reglane i folketrygdlova § 19-14 eller tilsvarande, skal regulerast i tråd med endringa i desse ytingane.

II

Lova her trer i kraft 1. januar 2011.

For personar som hadde supplerande stønad før 1. januar 2011, får endringane i § 5 verknad frå starten av ein ny stønadsperiode eller frå det tidspunktet stønaden vert fastsett på nytt grunna ei endring som nemnd i § 10 første leddet, men seinast frå 1. mai 2011.